



Bergen og Omegn Havnevesen

Dato: 06.10.2014  
Vår ref.: 2014/11255-22  
Saksbehandlar: einhuns  
Dykkar ref.:

## Tilsegn til "Lenging av CNSS-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstraum, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan"

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 350 000 til prosjektet «Lenging av CNSS-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstraum, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan». Vi viser til søknaden dykkar datert 04.04.14, og politisk vedtak i Fylkesutvalet, sak 166 den 19.06.14.

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen sin strategi for overgang til transportmidlar med lågare eller null utslepp jamfør Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030. Prosjektet vert ein del av eit nytt tiltak for klimavenleg hamn i klimaplanens handlingsprogram.

Tilsegna gjeld til 30.06.15.

### 1. Prosjektgrunnlag

Miljøutsleppa frå skip i Bergen Hamn er store. Bergen og Omegn Havnevesen (BOH) vil utvikle en miljøplan med utfordringar, mål og prioriteringar for utbygging, forvaltning og drift av og i hamna.

Planen omfattar tre delmål:

- Identifisere og skildre tiltak med stort potensial for utsleppsreduksjon
- Systematisk skildre faktiske utslepp og utsleppsrelevante lover og regler
- Vurdere differensierte hamneavgifter og kome med ei tilråding for Bergen hamn

Prosjektet omfattar òg eit prospekt om innføringa av landstraum som skal nyttast til å hente inne finansiering frå ulike kjelder.

BOH må ta stilling til gjennomføringa av dei føreslåtte tiltaka.

### 2. Prosjektorganisering

Ein prosjektleiar får ansvar for planlegginga og koordinering av aktivitetane. Prosjektpartnarane bidreg med deira fagkompetanse. Prosjektet forankrast i BOHs organisasjon. Ei styringsgruppe med representantar frå partnarane sikrar samarbeidet.

Prosjektet er planlagt avslutta innan utgangen av mars 2015.

### 3. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan

#### Godkjende kostnader

Lønnskostnader	kr	900 000
Andre konsulenttenester	kr	350 000
Reiser og møter	kr	50 000
Anna	kr	50 000
Sum	<b>kr</b>	<b>1 350 000</b>

#### Godkjend finansieringsplan

BOH	kr	350 000
Bergen kommune	kr	350 000
Hordaland fylkeskommune	kr	350 000
BKK	kr	150 000
GASNOR	kr	150 000
Sum	<b>kr</b>	<b>1 350 000</b>

## 4. Vilkår for tilskotet

Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik godkjend kostnads- og finansieringsplan ovanfor viser. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

#### Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

#### Rapportering

Så snart prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

Sluttrapporten skal seie noko om:

- Bakgrunn for prosjektet
- Mål med prosjektet
- Oppnådde resultat
- Vurdering mot oppsette mål
- Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
- Eventuell vidareføring av prosjektet, spesielt med omsyn til BOH si vurdering av føreslåtte tiltak

#### Utbetaling

Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttretkeskapskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

Revisor skal attestere sluttretkeskapskjema for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

#### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

## 5. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 6. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Einar Aalen Hunsager, e-post [enar.aalen.hunsager@hfk.no](mailto:enar.aalen.hunsager@hfk.no), telefon 55 23 93 22.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen  
klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Økonomi v/Anne-Grethe Stenhjem Agnes Mowinckelsgate 5

Vedlegg

- 1 Akseptskjema "Lenging av CNSS-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstrøm, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan"
- 2 Sluttrekneskapskjema "Lenging av CNSS-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstrøm, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan"